


TERMPOSTEN

Nr. 3
desember 2013

NYHEITSBREV
FRÅ SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

INNHALD:

<u>Redaksjonens vindauge</u>	2
<u>Sidan sist</u>	2
<u>Nyheiter</u>	3
<u>Visste du at? Om Rikstermbanken</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Anna-Lena Bucher</u>	4
<u>Aktuell term: vesikkel</u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: Ord for å signere med initialer?</u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: Bygg eller bygning?</u>	5
<u>Lesarhjørnet</u>	5
<u>Terminologgen</u>	6
<u>Nokre komande arrangement</u>	6



Redaksjonens vindauge

Det verkar ikkje så lenge sidan karen til høgre fekk på seg nisselua sist, men så har 2013 vore eit travelt år for oss tre i terminologitenesta. I haust var det fire år sidan ho vart oppretta. Vi har på den tida fått utretta mykje, tykkjer vi sjølve. Noko av det vi har sett i gang, er vortne faste oppgåver som tek tid, som til dømes dette nyheitsbrevet. I denne utgåva kan du lese om noko av det vi har gjort i haust. Du finn meir om oss og arbeidet vårt [på nettsidene våre](#).

I førre utgåva vart det nemnt at Språkrådet vil ha ny organisasjon frå 1. januar 2014. Det blir tre nye fagseksjonar, mellom anna ein for "fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning", internt kalla "seksjon 1". Vi tre i terminologitenesta går inn i den seksjonen, og tenesta opphøyrer i den forma ho har hatt til no. Men terminologiarbeidet held fram, og vi tre vil framleis vere på plass! Vi takkar



her for oss som særskild teneste. Og ikkje minst ønskjer vi lesarane riktig god jul og "på gjensyn" i det nye året!

Sidan sist

[Den europeiske terminologiforeininga](#), EAFT, har i haust støtta to europeiske arrangement økonomisk og praktisk. Det første av dei to var seminaret *Applications of Cognitive Terminological Theories in Terminology Management*, som vart halde i Zagreb i Kroatia i slutten av september. Lokal arrangør var Instituttet for kroatisk språk og lingvistik. Første dagen presenterte fire forgrunnsfigurar for nye terminologiretningar teoriane sine og synte korleis dei kan nyttast i terminologihandtering. Andre dagen var vigd til faktisk integrasjon av terminologiske og lingvistiske teoriar i terminografisk verksemd knytt til tre nasjonale termbankar. [Les meir og sjå presentasjonane her](#).

Det andre av dei to arrangementa vart halde i Athen i byrjinga av november, med tittelen *Symposium on National*

Languages and Terminology in higher education, science and technology. Lokal arrangør var det greske terminologiselskapet ELETO. Symposiet hadde som formål å gi eit samla oversyn over vilkåra for nasjonalt fagspråk særleg i høgare utdanning i Europa i dag, der situasjonen er prega av at engelsk i stor grad er i ferd med å ta over og dermed svekkje stillinga til nasjonalspråka. På slutten av symposiet vart det utforma ei førebels fråsegn med konklusjonar og tilrådingar. [Fullstendig informasjon med lenkjer finst her](#).

Termposten vart i oktober omtala i språkspalta i Tidsskriftet for Den norske legeförening. Vi set pris på at nyheitsbrevet vårt vert lagt merke til og får omtale i eit tidsskrift som dette. De kan lese heile omtala på [nettsidene til Tidsskriftet for Den norske legeförening](#).

25. november heldt Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk saman med terminologitenesta eit kurs i grunnleggande terminologiarbeid ved Universitetet i Bergen. Kurset var fullteikna med 20 deltakarar. Fleire av medlemmane i fagrådet var forelesarar. I tillegg bidrog Ingrid Simmonæs og Jan Roald frå Noregs handelshøgskole med eit innlegg om rolla terminologi spelar i fagomsetjing.

26. november arrangerte terminologitenesta i samarbeid med Noregs handelshøgskole eit seminar i Bergen. Seminaret hadde tittelen "Fra idé til handling i språkpolitikken" og var ei oppfølging av eit tidlegare idéseminar. Seminaret tok føre seg statusen for arbeidet med fagspråk i universitets- og høgskolesektoren. Kva er gjort, og kva kan og må framleis gjerast. [Du finn ei fylldigare omtale av seminaret på nettsidene til Språkrådet](#).

Nyheiter

Nyttige terminologilenker

På nettsidene til terminologitjenesten i Språkrådet har vi en lenkesamling. Den inneholder lenker til terminologibaser og -lister på nettet, både store og små. De er organisert etter opprinnelsesområde og fagområde, og denne siden kan være et nyttig sted hvis du lurer på en term. Du finner lenkesamlinga på www.sprakradet.no/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Lenker/.

Prosjekt om nordisk termbase

20. november var representanter for de nordiske språknemndene og terminologiorganisasjonene samlet i Oslo for å diskutere et mulig prosjekt for å lage en nordisk termbase. Termbasen skal inneholde termer på fire samfunnsområder: utdanning, helse, arbeidsmarked og rettsvesen. Arbeidet er avhengig av ekstern finansiering, og det blir avgjort i 2014 om prosjektet blir noe av.

Samisk termwiki

Sámi Giellagáldu har etablert en wikibasert termbase som inneholder terminologi fra fagfelt som juss, landbruk, økonomi, IT, kultur og flere andre. Termbasen inneholder nå over 13 100 termer. Innholdet er hovedsakelig på nordsamisk, men det vil etter hvert komme mer på sør-, lule-, skolte- og enaresamisk, samt norsk, finsk og svensk.

[Du kan besøke basen her.](#)

Maritim ordbok

Representantar frå Havforskingsinstituttet, Noregs handelshøgskole (NHH), omsetjarmiljøet og UNI Computing har sett i gang eit prosjekt som skal gjere terminologi innanfor maritim sektor tilgjengeleg gjennom ein open termbase. Terminologien omfattar marin biologi, fiske, havbruk, skipsfart m.m. NHH står for prosjektleiinga. Du kan nytte [Termportalen](#) for å søkje.


Utanriksdepartementet gir gass

I EØS-seksjonen i UD har det heilt sidan slutten av 1990-åra utvikla seg eit stadig større etterslep i arbeidet med å slutføre dei norske omsetjingane av såkalla rettsakter frå EU som inngår i EØS-avtalen. No er det teke grep for å rette opp situasjonen. Sju tekstrevisorar og éin prosjektleiar er tilsette for tre år for å ta unna det som har hopa seg opp. Prosjektet skal vere fulltallig i februar 2014.

TermCoord

Europaparlamentets Terminology Coordination Service, "TermCoord", har eksistert sidan 2008, då alt innhaldet i termbasen til parlamentet, EU-TERPE, var flytta over i den nye felles termbasen for EU, IATE ("Inter-active Terminology for Europe"). Tenesta medverkar til å kvalitetssikre terminologi i IATE og [tilbyr på nettsidene](#) m.a. direkte inngang til basen og ein del nyttige "glossar".

Visste du at? Om *Rikstermbanken*



Rikstermbanken er Sveriges nasjonale termbase. Den ble lansert 19. mars 2009 og inneholder i underkant av 100 000 termposter med over 290 000 termer. Sveriges nasjonale senter for terminologi og fagspråk, Terminologisentrum TNC, har bygd opp og er ansvarlig for termbasen. Termene i basen kommer fra mange ulike fagområder, alt fra geologi, økonomi og byggeteknikk til rengjøringsteknikk, musikketnologi og innredningsbransjen. Over hundre ulike virksom-

heter bidrar med termer, både offentlige myndigheter, private foretak og bransjeorganisasjoner. Også TNCs ordlister er med i Rikstermbanken. Termbanken inneholder termer på mange språk. Svensk er naturlig nok det største språket, etterfulgt av engelsk og finsk, men du finner også terminologi på norsk (både bokmål og nynorsk), dansk, samisk, tysk, japansk, russisk og kroatisk for å nevne bare noen. Du finner Rikstermbanken på www.rikstermbanken.se.

På kornet – portrettintervju med Anna-Lena Bucher

Anna-Lena Bucher er leder for Terminologicentrum TNC i Sverige.

Hva er det beste med jobben din?

Det er ett viktig arbeid, med stor samhøllsnytta, og det er en stendig utmaning att få samhället att inse det.

Hvilken utdanning har du etter videregående skole?

Jag har en fil. kand. i engelska, svenska och historia. På senare år har jag läst fristående kurser i vetenskapsteori, översättningsteori och översättningsdidaktik.

Hva var favorittfaget ditt på barneskolen?

Teckning och skrivning.

Hvorfor er arbeid med terminologi viktig?

I alla verksamheter finns olika

tolkningar av ett antal termer, som orsakar olika slags svårigheter i kommunikationen på flera plan. Att ha ordning och reda på termer och begrepp hjälper det interna samarbetet och förebygger tidskrävande diskussioner och konflikter. Begreppsreda är likaså viktig vid översättningsarbeite, för utåtriktad information, för statistik och uppföljning, för större rättssäkerhet i avtal och, inte minst, för beslutsfattande.

Om du kunne velge et annet yrke, hvilket og hvorfor?

På TNC hamnade jag av tillfälligheter och efter kort tid här kände jag att jag nog hamnat rätt. Jag har därför inte tänkt så mycket på något annat yrkesval – utom ibland. Det jag då funderat på är biståndsarbeite riktat



mot att hjälpa barn till undervisning.

Hva leser du helst på fritida?

Bra romaner, både gamla klassiker och nyare. Jag läser också gärna biografier över personer som jag är nyfiken på.

Hva er din favoritterm?

Inom byggområdet finns termer som är sinnliga och lätta att tycka om, t.ex. *fjällpanel* och *vårved*.


Aktuell term: *vesikkel*

Årets nobelpris i medisin eller fysiologi gjekk til James E. Rothman, Randy W. Schekman og Thomas C. Südhof for oppdaginga av ein mekanisme som regulerer vesikkeltransporten, som er eit viktig transportsystem i cellene våre. Slik transport inn i ei celle vert gjort av små membrankledd blærer, *vesiklar*, ifølgje [Store medisinske leksikon](#).

Ordet *vesikkel* kjem frå det latinske *vesica*, som tyder 'blære', ifølgje *Latinsk ordbok* (Cappelen). Ved å leggje til diminutivendinga *-ula* har vi fått *vesicula*, altså 'lita blære'. Bruken av denne diminutivendinga ser vi også i andre latinske ord, t.d. vert ordet for 'jente' på latin, *puella*, til 'lita jente', *puellula*, ved å leggje til ei slik ending.

Vesikkel deler etymologisk opphav med eit anna ord frå medisin, adjektivet *ventral* ('som gjeld

eller ligg på buksida, undersida'). Vi kjenner att ordet i det tyske *Want*, som tyder 'vom, kulemage'. Likskapen med dialektordet *vinster* (også *vingster*), som tyder 'den fjerde eller atterste del av magen til hjorten', er påfallande, men det er usikkert om dei har same opphav, ifølgje *Nynorsk etymologisk ordbok* av Alf Torp.



Bilete: tyskspråkleg Wikipedia (http://de.wikipedia.org/wiki/Vesikel_%28Biologie%29)

Spørsmål og svar 1: Ord for å signere med initialer?

Jeg finner ikke noe dekkende uttrykk for handlingen "å sette initialene sine på hver enkelt side av en kontrakt i tillegg til selve underskriften på én side". Formålet med dette er vanligvis å sikre at enkeltsider i en kontrakt ikke kan byttes ut. Dette har jeg hørt omtalt som "å paraferere", men det har jo en noe annen betydning etter ordboken. Finnes det et annet ord, eller er "paraferere" riktig?

Paraferere har i norsk betydningen 'medunderskrive'. Underskriften er en bekreftelse på at dokumentet er faglig kvalitetssikret i en toledet saksbehandling. I en dansk fremmedordbok står det at *paraferere* betyr 'medunderskrive' eller 'forsyne med forkortet underskrift, fx forbogstaver'. I dansk ser det altså ut til at man kan bruke *paraferere* både for 'å medunderskrive' og 'signere med initialer'.

Vi kjenner til at *paraferere* brukes i betydningen 'signere med initialer' blant jurister, så vi vil tro at det blant jurister vil kunne gå å bruke *paraferere* i den betydningen. Vi ville imidlertid vært forsiktig å bruke det, særlig blant ikke-jurister, siden betydningen 'signere med initialer' ikke er tatt inn i noen ordbøker. Også i *Jusleksikon* (4. utgave 2010, Kunnskapsforlaget) er det bare 'medunderskrive'-betydningen som står. 'Signere med initialer' vil altså være tryggest å bruke.

Spørsmål og svar 2: Bygg eller bygning?

Eg ser at *bygg* og *bygning* vert brukt om kvarandre, men er det eigentleg rett?

Om ein gjer eit søk på relevante nettsider, ser ein at språkbruken vaklar ein del. *Arkitekturleksikon* (1999) skil mellom *bygg* og *bygning*. Eit *bygg* tyder anten 'bygning, byggverk under planlegging eller oppførelse' eller 'større ferdig bygning, byggverk'. Ei *bygning* er 'ferdig oppført bygg; det ferdige resultatet av bygging', ifølgje same leksikon. *Byggteknisk fagleksikon* (1980) er meir restriktivt og held berre på éi tyding for bygg, 'bygning under oppførelse'.

Allmennspråklege ordbøker som *Norsk ordbok med 1000 illustrasjoner* av Tor Guttu nemner at ein ofte nyttar *bygg* i ordsamansetjingar som t.d. *industribygg* og *nybygg*. Det same gjeld også det velkjende *Postgiro-bygget*, som vart bygd allereie i 1975.

Lesarhjørnet

I sist utgåve spurde vi lesarane om skilnaden mellom *seminar*, *konferanse* og *symposium*. Vi har ikkje fått inn forslag på det, men om vi slår opp i ordbøker, kan vi kanskje spore nokre ulikskapar. Eit *symposium* vert i m.a. [Nynorskordboka](#) forklart som 'konferanse om eit vitenskapleg eller kunstnarleg emne'.

Konferanse kan difor vere overomgrepet til *symposium*, men det er òg mogleg at *konferanse* rett og slett er kortforma til *vitenskapleg konferanse*. *Konferanse* åleine er ganske breitt og kan tyde 'forhandling, drøfting, møte' osv. *Seminar* vart før nytta om lærarskule, men er no i bruk om kurs med litt friare

former, t.d. øvingskurs. *Seminar* kan ofte vere på eit fagleg avansert nivå, ifølgje Norsk Ordbok med 1000 illustrasjoner.

Til neste utgåva har vi følgjande nøtt: Kva er skilnaden mellom *statue* og *skulptur*? Vi tek gjerne imot forslag til term@sprakradet.no

TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre:
www.sprakradet.no/termkalender.

Nokre komande arrangement

15. januar arrangerer Den Norske Dataforening *Terminology Management Workshop* i Oslo. Du finner mer informasjon om arrangementet og påmelding på www.dataforeningen.no/terminology-management-workshop.5336538-303788.html.

Den årlege *International Terminology Summer School* er i 2014 frå 14.–18. juli i Wien, Østerrike. Du finn meir informasjon på www.termnet.org/english/events/tss_2014/index.php.

4.–6. august arrangeres International Federation of Translators (FIT) sin tjuende verdenskongress i Berlin. Tema for kongressen er *Man vs. Machine ? The Future of Translators, Interpreters and Terminologists*. Du finner mer informasjon om kongressen på www.fit2014.org/.

SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

Postadresse:
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50
Telefaks: 22 54 19 51
E-post: term@sprakradet.no
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMAR GIR GODT
FAGSPRÅK

Terminologitenesta er ein del av Språkrådet og har tre rådgjevarar i full stilling. Tenesta har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Tenesta samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Ho skal på arbeidsområdet sitt

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

<http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/>

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. Du kan lese meir om *Termlosen* [her](#).